

# i u-lage

Organ for Finnøy Kristelige Ungdomslag

08/04

## GOD JUL!



Før julshugge



Litt julaførtøsning



2. dagsfest



Vi synger jul i inne



Ris kremfest

## GODT NYTTÅR!

# Guds godhet

Av: Inghild Skeiseid

**Eg har vore så heldig at eg har fått vekse opp i ein familie som har lært meg å bli kjent med Jesus. Og det er eg heilt sikker på er det beste som finnes, å kjenne han som har skapt verda, og som kjenner oss betre enn me kjenner oss sjølv. Eg har så lyst til at alle skal få oppleve det same, at alle skal få kjenne kor høgt dei er elskaa av Gud.**

Men det er jammen ikkje lett, det er ofte frustrerande og vanskeleg å snakke med folk som ikkje trur, om trua mi. Eg

får liksom ikkje fram alt det eg vil få fram, det blir ofte for stort til å klare å få det forklart ved ord. Kor skal eg begynne, og korleis skal eg forklare korleis alt heng saman når eg ikkje forstår det sjølv eingong. Og det mest frustrande er alle dei som trur at dei må leve slik og slik før dei eingong kan tenkje på å bli kristen. Mange har opplevd kristne som dømmande og formanande, og at det er kva som er rett og galt som er det viktigaste for ein kristen.

I romarane 2.4 står det eit godt tips : "skjønar du ikkje at Guds godelek driv deg til omvending".

Det er ved å vise Guds godhet at folk kan få møte Gud, og Guds godhet viser

me gjennom våre handlinger. Våre handlingar er så mykje sterkare enn våre ord, og særleg ord om kva som er rett og galt. Og heldigvis er det ikkje me som kan føre dei heile vegen fram til Gud, der er det berre Gud som kan møte dei. Me skal berre få gå ved sida av og peike på Jesus, og la Han få vise sin kjærleik gjennom våre gjerningar. Slik var det Jesus møtte menneska, han fann dei akkurat der dei var i livet, han venta ikkje på at dei fyrst måtte ordne opp i det som var galt.

La dei få kjennskap til Guds kjærleik gjennom våre handlinger, la dei få møte Han akkurat der dei står, så vil Gud vise dei korleis Han tenkte det var best for oss å leve.

## Juleevangeliet Lukas 2, 1-20

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrd til Davidshus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei følende redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast

alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!»

Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kungjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrd på, undra seg over det gjætarane fortalte. Men Maria gøynde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde hørt og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.

## Kommande arrangement

### 08.jan: Restefest

Lauvsnes kl 21.00. Mat og hygge. Underholdning og andakt.

### 15.jan: Thomasmesse

I kyrkja kl 20.00.

### 22.jan: Konsert

Me Kjetil Ingebrethsen og Anders Trahaug. Andakt av Dorrit og Kristoffer. Lovsang og någe godt å knaska på. 20kr.


# Før julshygge

II. desember



# Vi syng jula inn og Riskremfest

18. desember



# Litla julaftåsamling

23. desember



# 2. dagsFest

26. desember



Kopiert hjå:



**BYGGMAKKER** Ladstein

Fordi det lønner seg!



NORBOHUS Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!